

# Turar frå Vestvoll i Blikrabygda:

1. Frierane (410 m.o.h.)
2. Hovda (530 m.o.h.)
3. Gjerdesdalen i Nedre Vats

Kjør 2,5 km frå Knapphus mot Ølen og ta av til høgre mot Blikrabygda – sjå skilt til Blikrabygda.

Følg vegen 4 km ned til Sørhus. Rett før du kjem til den gamle butikken til Magnus Sørhus, tek du vegen til venstre – sjå **TURSTI-skilt** her. Kjør om lag 300 m til du kjem til Vestvoll. Her ser du info.tavle og P-skilt nedanfor den raude løa til Helge og Jenny Rødde..

Her kan du lesa om dei ulike turane som går herifrå – sjå info.tavle.

**Start:** På traktorveg hos Helge og Jenny Rødde på Vestvoll i Blikrabygda.

**Parkering:** Ja – god plass like nedanfor løa. Sjå P-skilt.

## 1. Tur til Frierane (410 m o.h.)

**Avstand:** 2 km opp til steinane som blir kalla Friarane.

**Tidsbruk:** 1 time opp til turkassen med vanleg gange.

**Vanskegrad:** Blå/raud tur – litt tung familietur.

**Terreng:** Følg traktorveg heilt opp - nokre bratte parti.

**Opplysn.:** Traktorvegen går gjennom fint kulturbeite og fin bjørkeskog.

På Frierane finn du ein turkasse med bok i som speiderane har lagt ut. Skriv deg inn i denne.

**Namnet Frierane har sin historie:** ”Ein mann frå Landa gjekk på friarføter til ei jente frå Gjerdesdalen. Folk såg denne karen gå oppover lia til desse steinane rett som det var. Han hadde alltid ei kvit hua på hovudet så han var lett å sjå. Her oppe traff han denne jenta etter avtale.

Her ved dei store steinane fridde mannen til jenta. Han fekk **ja** på friarspørsmålet. Av denne grunn har desse desse steinane fått namnet **Frierane**.

Ikkje lenge etterpå gifta dei seg.

Dette paret busette seg i Gjerdesdalen og levde der lukkeleg.”

**Frierane** er også skiftesteinane mellom fleire gardar - her møtest grensene mellom 3 gardar: **Eikje** i Gjerdesdalen, **Bakkevold og Vestvoll** i Blikrabygda.

Like før du kjem til Frierane, kan du ta av til høgre (sjå skilt) og gå opp til fjellet **Hovda**. På vegen opp er det fin utsikt mot Sandeid og innover fjella.

Frå Hovda har du ei flott utsikt over heile Vatsbygda og vestover mot havet.

Sjå skilt til Hovda. (530 m o.h.)

Frå Frierane kan du gå ned til Gjerdesdalen og bli henta der om du ynskjer det..

Men dersom du vil ta ein lengre tur, kan du gå vidare på merka og rydda sti mot

**Brennesteget, Varafjellet og Åksla** og gå ned til Blikra eller Aurdal. Følg skilting.

Sjå skilt ved gjerdeklyvar på Frierane.

**Fottøy:** Gode tette sko.

God tur

## 2. Tur til Hovda (530 m o.h.)

**Avstand:** 3 km opp til toppen

**Tidsbruk:** 1,5 t opp til toppen med vanleg gange.

**Vanskegrad:** Blå tur - familietur til Frierane, men noko brattare opp til Hovda.

**Terreng:** Følg skogsveg opp til Frierane. Han er noko bratt enkelte stader.

Ved Frierane står skilt til Hovda. Følg merka sti til Hovda – nokre bratte partier, men flott utsikt.

**Opplysn.:** Traktorvegen slynger seg oppover i kulturbeite og i fin bjørkeskog heilt opp til Frierane.

Ved Frierane står det turkasse som du bør skriva deg inn i. Stien til Hovda er skilta og godt merka med merkepinnar heilt opp til toppen. Stien har nokre bratte parti.

På toppen er det panoramautsikt i alle retningar.

På varden finn du turkassen til speidarane med bok i. Skriv deg inn i denne.

**Fottøy:** Fjellsko

## 3. Tur til Gjerdesdalen.

**Avstand:** 4,5 km

**Tidsbruk:** 2 t opp til Frierane og ned til Gjerdesdalen.

**Vanskegrad:** Traktorveg til Frierane med ein del bratte parti – stien vidare opp er godt rydda og merka, men myrlendt øverst.

Traktorvegen ned til Gjerdesdalen har ein del bratte parti.

**Terreng:** Skogsveg + godt merka og rydda sti til Frierane. Frå Frierane og ned til Gjerdesdalen ved Arve Mjølhus eller Arthur Laurits Eike og ned til riksveg 46 er det skogsveg heilt ned - vegen kan vera noko bratt.

**Opplysn.:** Følg skogsveg halvegs opp til Frierane som går gjennom kulturbeite og bjørkeskog.

Der traktorvegen sluttar, går du over gjerdeklyvar og over på ein godt merka og rydda sti opp til Frierane. Siste biten av stien er noko våt og myrlendt.

På Frierane heng det turkasse til speidarane som du må skriva namnet i.

Dersom du er mota på det, kan du ta ein avstikkar opp til Hovda (530 m o.h.) før du går ned. Stien opp er noko bratt enkelte stader, men godt merka.

Sjå skilt og følg merka sti heilt opp.

På Hovda er flott utsikt i alle retningar.

Frå Frierane går det skogsveg heilt ned til Gjerdesdalen - då kjem du ned på riksveg 46.

Traktorvegen ned kan vera noko bratt, men elles lett å gå på.

**Fottøy:** Gode tette sko.

God tur.